



NOREGS HØGSTERETT

Den 31. januar 2012 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Bårdsen og Kallerud i

HR-2012-00245-U, (sak nr. 2011/2061), sivil sak, anke over orskurd:

A (advokat Tom A. Torkildsen)

mot

B (advokat Ingvald Snerthammer)

sagt slik

O R S K U R D:

- (1) Saka gjeld særskilt anke over lagmannsrettens sakskostnadsavgjerd.
- (2) B reiste 14. september 2010 sak mot A ved Kristiansand tingrett. Tvisten gjaldt spørsmålet om A personleg eller for sin eigedom hadde rett til parkering og til brygge og båtplass på gnr. 85 bnr. 5 i X kommune. B var tidlegare eigar av gnr. 85 bnr. 5 og heldt ved salet att rettar som partane i saka har lagt til grunn at twistegenstanden ligg innanfor.
- (3) A gjorde for tingretten prinsipalt gjeldande at det til hans eigedom låg evigvarande og vederlagsfri rett til båtplass og brygge og til parkering, subsidiært at han personleg hadde slik rett.
- (4) Tingretten gav 31. januar 2011 dom med slik domsslutning:

"1. A og/eller gnr. 89 bnr. 1 i X har ingen stedsevarig rett over noen del av gnr. 85 bnr. 5 i X.

2. A betaler innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse sakskostnader til B med kr. 68.977,- kroner sekstiåttetusennihundreogsyttisyv – med tillegg av lovens morarente fra forfall til betaling skjer."

- (5) Domsslutninga punkt 1 var heilt identisk med den påstanden B hadde sett fram i stemninga og som vart fasthalden i hovudforhandlinga.

- (6) A anka til Agder lagmannsrett. Anken var avgrensa til spørsmålet om rett til brygge og båtplass, og då ”eventuelt på betingelser fastsatt etter rettens skjønn”. Kravet om rett til parkering vart såleis ikkje oppretthalde i anken til lagmannsretten.
- (7) Agder lagmannsrett sa 20. oktober 2011 under düssens dom med slik domsslutning:
- ”1. Gnr 89 bnr 1 i X har mot årlig avgift varig rett til båtplass og brygge på den del av gnr 85 bnr 5 i X som ligger innenfor de rettigheter som B har forbeholdt seg i erklæring datert 2. oktober 2011, tinglyst på gnr 85 bnr 5 i X den 11. oktober 2010 med dagboknummer 777561.**
- 2. Partene bærer sine egne omkostninger for tingrett og lagmannsrett.”**
- (8) A har anka over lagmannsrettens sakskostnadsavgjerd. Det er i korte trekk halde fram:
- (9) Det er feil ved lagmannsrettens rettsbruk. Lagmannsretten har uriktig lagt til grunn at A ikkje har ”fått medhold fullt ut eller i det vesentlige”, jf. tvistelova § 20-2. Lagmannsrettens domsslutning er i samsvar med den prinsipale påstanden i anken. Det har ikkje vore sett fram påstand om at retten til båtplass og brygge er vederlagsfri. Det var overlate til rettens skjønn å avgjere kva vilkår som eventuelt hefta ved rettane. Det reelle tvistepunktet i saka var om det låg føre rett til båtplass og brygge, ikkje om det var vilkår om vederlag.
- (10) A har lagt ned slik påstand:
- ”1. B dømmes til å betale As sakskostnader for tingretten og lagmannsretten med tillegg av lovens forsinkelsesrente fra to uker etter at dommens forkynnelse til betaling skjer.**
- 2. A tilkjennes sakskostnader for Høyesterett med kr. 6.300.”**
- (11) B har teke til motmåle, og har i korte trekk halde fram:
- (12) Lagmannsrettens sakskostnadsavgjerd er korrekt. For tingretten kravde A vederlagsfri rett til båtplass og parkeringsplass. Det er openberty ikkje rom for å seie at han i lagmannsretten har fått medhald i det vesentlegaste med omsyn til sakskostnadsspørsmålet for tingretten. Han har verken nådd fram med kravet om parkeringsplass eller med at retten til båtplass og brygge er vederlagsfri. Påstanden A sette fram for lagmannsretten må reelt oppfattast slik at det prinsipalt er kravd vederlagsfri varig rett til båtplass og brygge, subsidiært varig båtplass på vilkår fastsette av retten. Heller ikkje i lagmannsretten har A fått medhald i det vesentlege.
- (13) B har sett fram slik påstand:
- ”1. Anken forkastes**
- 2. B tilkjennes sakens omkostninger med kr. 6 000,-.”**
- (14) *Høgsteretts ankeutval* viser til at saka gjeld anke over lagmannsrettens sakskostnadsavgjerd. Kompetansen for utvalet er då avgrensa til å gjelde lovbruken og saksbehandlinga, og dessutan bevisvurderinga så langt denne berre gjeld sakskostnadsavgjerdar, jf. tvistelova § 20-9 tredje ledd.
- (15) Lagmannsretten – fleirtalet – har grunngitt sakskostnadsavgjerdar slik:
- ”A har fått medhold av betydning, men kan ikke ses å ha vunnet saken fullt ut eller i det vesentlige.**

Det følger av tvistelova § 20-3 at han da kan tilkjennes sakskostnader helt eller delvis dersom tungtveiende grunner tilsier det. Det er i loven vist og henvist til momenter som det ved den skjønnsmessige vurdering da særlig skal legges vekt på.

Lagmannsretten kan etter en samlet vurdering ikke se det foreligger slike tungtveiende grunner som tilsier at sakskostnader bør tilkjennes, verken helt eller delvis. Dette gjelder både sakskostnader for tingrett og lagmannsrett. Dette innebærer at hver av partene må dekke egne sakskostnader for så vel tingrett som lagmannsrett.”

- (16) Spørsmålet som skal vurderast av utvalet, er om A ved lagmannsrettsdommen har fått ”medhold fullt ut eller i det vesentlige”, jf. tvistelova § 20-2. Dette er eit lovtolkingsspørsmål som kan overprøvast etter § 20-9 tredje ledd, jf. til dømes Rt. 2011 side 699 avsnitt 24.
- (17) Det er det materielle resultatet i lagmannsretten som skal leggjast til grunn for vurderinga av sakskostnadsavgjerala i begge instansane.
- (18) Utvalet ser først på sakskostnadsspørsmålet for tingretten. Tvisten gjaldt der både rett til parkering og rett til brygge og båtplass, og om desse rettane i tilfelle kunne utøvast utan vederlag. Tingrettsdommen er endeleg når det gjeld at det ikkje er rett til parkering, og påstanden om vederlagsfri bruksrett til brygge og båtplass førte ikkje fram i lagmannsretten. Etter utvalet sitt syn trengst det då ikkje nærmere grunngiving for å seie at A ikkje har fått medhald fullt ut eller i det vesentlege når det gjeld domsresultatet i lagmannsretten, samanhalden med påstanden for tingretten.
- (19) Sakskostnadsspørsmålet for lagmannsretten skal vurderast ut frå påstanden for lagmannsretten samanhalden med domsresultatet der. For lagmannsretten har A fått medhald når det gjeld rett til båtplass og til brygge for sin eigedom. Om han med det har fått medhald fullt ut, er avhengig av ei tolking av påstanden. Som før omtala var det der eit tillegg i påstanden om at rettane ”eventuelt” skulle vere på vilkår fastsette av retten. Dersom lagmannsretten skulle oppfatte spørsmålet om vilkår som uttrykk for ein subsidiær påstand, er det spørsmål om A likevel har fått medhald ”i det vesentlige”.
- (20) Domsgrunnane hos lagmannsretten er etter dette ikkje tilstrekkelege til å vise at lagmannsretten har lagt til grunn ei rett forståing av tvistelova §§ 20-2 og 20-3, når det gjeld sakskostnadsansvaret for lagmannsretten. Lagmannsrettens sakskostnadsavgjerd må derfor opphevast for denne delen av avgjerala.
- (21) Anken har såleis ført fram for sakskostnadene for lagmannsretten, men ikkje for sakskostnadene for tingretten. Saka er etter dette dels vunnen og dels tapt. Ingen av partane bør då tilkjennast sakskostnader, jf. tvistelova § 20-3.
- (22) Orskurden er samrøyistes.

S L U T N I N G:

1. Lagmannsrettenes dom, domsslutninga punkt 2, blir oppheva så langt det gjeld spørsmålet om sakskostnader for lagmannsretten. Anken blir elles forkasta.
2. Sakskostnader for Høgsterett blir ikke tilkjende.

Arnfinn Bårdsen
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Knut H. Kallerud
(sign.)

Rett utskrift: